



Statsforvaltaren i Vestland

## Regjeringa si endring av vaksinestrategi

Sogn regionråd ser med uro på konsekvensane av regjeringa si endring av vaksinestrategi. Uroa rettar seg særleg mot to konsekvensar som påverkar prosessen for vaksining i våre kommunar, nemleg utsetjing av vaksining av særleg sårbare grupper (risikogrupper) og praktiske utfordringar med massevaksining i veke 29-31.

### Utsetjing av vaksining av særleg sårbare grupper

Sognekommunane har så langt ikkje motteke stort nok tal på vaksinedoser til at ein har klart å gjennomføre vaksininga av alle innbyggjarar som er i kategorien særleg sårbare grupper. Dette er personar der smitte av Covid-19 kan få svært alvorlege konsekvensar. Vi meiner det ikkje er rett at vaksining av desse gruppene må utsetjast til fordel for t.d. friske i 40-åra i Oslo-området. Med auka tilgang på vaksinedosar i mai og juni kunne kommunane vaksinert langt fleire i desse gruppene før sommarferien.

### Praktiske utfordringar med massevaksining i veke 29-31

Kommunane i Sogn regionråd vil få store utfordringar med å gjennomføra massevaksining i vekene 29-31. Fleire kommunar vil ikkje klare å skaffa til vege nok personellressursar til enno fleire vaksinedoser slik det blir lagt opp til. Skal kommunane klare slik gjennomføring må personell kallast inn frå etterlengta ferie. Dette er personell som i over eitt år har stått svært mykje på for å drifta helsetenesta gjennom pandemien. For fleire kommunar vil inndraging av ferie for helsepersonell ikkje gje nok kapasitet til å gjennomføra massevaksininga slik den endra strategien legg opp til. Kommunane har utfordringar med å omdisponera anna personell midt i ferien, alle einingar i helse og omsorg slit frå før med bemanning. Mange utanlandske vikarar uteblir pga pandemien.

I tillegg til utfordringane med kapasitet på helsepersonell i vekene 29-31 vil denne vaksinestrategien leggja svært store begrensingar på innbyggjarane sine ferieplanar då vaksininga skal gjennomførast i heimkommunen midt i "fellesferien". Kommunane vil derfor få store utfordringar med å få tak i innbyggjarar som skal vaksinerast og som er på ferie.

Den planlagde massevaksininga i veke 29-31 vil kunne verta endra eller stoppa om regionen får eit nytt stort smitteutbrot på same tid. Vi er uroa over sårbarheita i denne planen og ber Statsforvaltaren om å melda tilbake til kommunane korleis ekstern bistand med helsepersonell kan organiserast for dei kommunane som har bede om slik bistand.

Sogn regionråd ber om at dei varsla endringane i vaksinestrategien ikkje blir sette i verk og at vaksinasjonen blir gjennomført som tidlegare planlagt. Dersom massevaksininga vert gjennomført med geografisk omfordeling slik regjeringa har varsla, vil Sogn ha behov for ekstern hjelp. Sognekommunane treng gode avklaringar frå Statsforvaltaren på korleis slik hjelp skal organiserast. Sogn regionråd meiner alle aktuelle praktiske avklaringar må vera på plass innan veke 25.

Sogn regionråd meiner regjeringa sine endringar i vaksinestrategi som vart gjort kjende 20. mai er særskild uheldig for vår region. Ei utsettjing av vaksininga vil ha store praktiske utfordringar i tillegg til at risiko for smitte av særleg sårbare grupper vert forlengja i tid.

Med helsing

Hilmar Høl  
leiar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*